

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/161-1

## **Forvaltningsrevisjon - Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport - oppfølging av vedtak**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingane til vitande.
2. Kontrollutvalet vurderer punkt 2, 4 og 5 til å vere oppfølgde
3. Kontrollutvalet ber om ny rapport når dei resterande punkta, 1a – 1f er ferdig oppfølgde seinast 30. juni 2017.

### Vedlegg:

- Brev frå fylkesrådmannen datert 4. januar 2016 – Oppfølging etter forvaltningsrevisjon – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport m/vedlegg
- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget handsama rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp og oppfølging av kollektivtransport 16. juni 2015 i FT-sak 13/2015 og vedtok følgjande:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp og oppfølging av kollektivtransport til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tilrådingane frå revisor.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å rapportere til kontrollutvalet når oppfølginga er ferdig, seinast innan 31. desember 2015

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok brev frå fylkesrådmannen 4. januar 2016 med oppfølging av vedtaket i FT-sak 13/2015.

Det er i brevet gjort ei vurdering av ansvarsdeling for oppfølging av tilrådingane mellom innkjøpstenesta og samferdsleavdelinga. Nokre av punkta, som er definert til å ligge innanfor innkjøpstenesta sitt ansvarsområde, inngår i ein interngjennomgang av innkjøpsstrategien til fylkeskommunen. Dette gjeld tilråding nr. 1 a – e. Fylkesrådmannen har satt vår 2017 som tidsfrist for dette arbeidet.

Skriftlege retningslinjer – med rutinar eller «beste praksis» for korleis gode forhandlingar skal gjennomførast (1f) er tidsett til haust 2016/vår 2017.

Overordna skriftlege retningslinjer for kontraktsoppfølging (1g) er utført, og er lagt ved saka.

Fylkesrådmannen er samd i tilrådinga om at anskaffingsprotokollen skal innehalde verdiberekning av anskaffinga (tilråding nr. 2), slik at alle krav knytt til protokollføring i FOA § 3-2 (med vedlegg) blir etterlevd. Fylkesrådmannen skriv at malen for anskaffingsprotokoll inneheld felt for dette føremålet. Det er lagt ut informasjon om verdiberekning på fylkeskommunen sine heimesider. Det er i tillegg lagt inn ein kontrollpost av verdiberekning på innkjøp over 500 000 kroner. Denne kontrollen vert utført av innkjøpsavdelinga.

Fylkesrådmannen skriv i høyringsuttalen til forvaltningsrevisjonsrapporten vedrørande tilråding nr. 3 om arkivering:

*«Samferdsleavdelinga har dei siste åra bevisst jobba med å få på plass betre rutinar for arkivering av dokumentasjon knytt til kontraktsoppfølging, i tillegg til rutineskildringar av alle relevante arbeidsprosessar. Fylkesrådmannen meiner at det berre er mindre justeringar som manglar før dette arbeidet er ferdigstilt.»*

I oppfølgingsbrevet skriv fylkesrådmannen at arbeidet med plan for arkivering i samband med kontraktsoppfølging i tråd med fylkeskommunen sine retningslinjer er utført og at arkivering er ajour.

Elektronisk avtaleoppfølgingsverktøy skal vere innført i løpet av 1. halvår 2016.

Tilråding nr. 4 – sikre at det i framtidige anbodskonkurransar blir sett tilstrekkeleg med krav knytt til talet på driftsmøte og krav til handsaming av førespurnader og eventuelle klagar frå kundar – er utført.

Det vert i framtidige anbod på båt vurdert om rapportering av kundeklager skal vidaresendast til fylkeskommunen. Dette vert gjort på bussanbod i dag.

Fylkesrådmannen skriv at det er planlagt å gjennomføre brukarundersøkingar på alle anbod på buss, lokal- og ekspressbåt. I tillegg er fylket med i nasjonalt kundebarometer for kollektivtrafikk. Tilråding nr. 5 vert dermed vurdert til å vere oppfølgt.

Det kan vere nyttig å legge ut meir informasjon om kanalar som kan nyttast til tilbakemeldingar som ti dømes innspel om ruteendringar. Tilråding nr. 6 er av fylkesrådmannen vurdert til å vere eit kontinuerleg oppfølgingspunkt.

Kontrollsjefen vurderer tilråding nr. 1g, 2, 3, 4 og 5 til å vere utført. Tilråding nr. 6 er eit kontinuerleg oppfølgingspunkt. Dei øvrige punkta er under arbeid og vil etter planen til fylkesrådmannen bli ferdigstilt i løpet av første halvdel av 2017.

#### **4. Konklusjon**

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til ta rapporten frå fylkesrådmannen til vitande og å be om ny rapport når tilrådingane nr. 1a -1f er ferdig utført, seinast innan 30. juni 2017.